

NVE, Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Fråsegn, Saksnummer 201401566, gjeld høyring til revisjonsdokument for regulering av Mørevassdraget (Blir sendt til nve@nve.no)

Vi viser med dette til «Høyring av revisjonsdokument for reguleringane i Mørevassdraget», datert 10.12.2024 (ref.: 201401566-19).

I dette brevet frå NVE sendt m.a. til Norges Jeger- og Fiskerforbund, er det oppgitt at alle som har meiningar i saka kan sende fråsegn.

Vi som sender denne fråsegna har alle klare friluftsiinteresser i området rundt Grøndalsvatnet, som hytteeigarar, friluftsfolk og/eller grunneigarar. Vi ber om at NVE tek omsyn til denne høyringa i revisjonsdokumentet.

Det er særleg to forhold som vi meiner må takast meir omsyn til i eit revisjonsdokument: sommarvasstanden i Grøndalsvatnet, og i den samanhengen også ivaretakinga av fiske- og fuglebestanden og andre artar i området.

Når det gjeld vasstanden, har Tussa Energi i fleire samanhengar uttala seg om dette. I eit svar Tussa gav NVE i 2013, skreiv dei følgjande: «Samfunnsoppdraget som Tussa har inneber å balansere omsynet til ulike interesser», og vidare: «... Det vil normalt vere høg magasinufylling gjennom heile sommarsesongen til ut på seinhausten når vintertappinga startar». I brev til Møre-Nytt 3. september 2021 skriv Dagfunn Sørums i Tussa dette om drifta av vassdraget: «normalt høg magasinufylling gjennom heile sommarsesongen», «balansere omsynet til ulike interesser», samt «ivareta gode levekår for fisk gjennom heile vasstrengen ...».

Vi meiner framstillingane nemnt over ikkje samsvarar med realitetane. I mange år etter 2013 har vasstanden i Grøndalsvatnet vore svært låg gjennom store delar av sommarhalvåret. I to år etter 2017 har det vore maksimal nedtapping gjennom sommarhalvåret.

Dette er ein situasjon som neppe er bra for botnvegetasjonen. Vi ønskjer meir forsiktig nedtapping i tidsrommet juni-september. Olivin-furuskogen på Åsane og Stolahaugen er viktige moment her, også omsynet fuglelivet rundt dette vatnet. Frå Artskartet er det registrert heile 41 fugleartar her, to av dei på Raudlista (gauk og heilo), i tillegg m.a. havørn, kongeørn, tårnfalk, dvergfalk, dvergspett, fjellvåk, haukugle, perleugle, siland, storlom, toppand og rugde. I tillegg er det observert andre Raudlista fugleartar som jaktfalk, vipe, raudstilk, fiskemåse og granmeis i randsonene av vatnet.

Volda 14. mars 2025

Grunneigarar, friluftsfolk og hytteeigarar i området rundt Grøndalsvatnet (sjå underskrifter under)

Måre Heggen

Morten Osdal.

Kari Humbert

Per Edvard Sjøen

Inger Nymark

Tore Mork.

Jon Petter Sævi

Anne Langøien

Wenke Lid Osdal

Inger M. Osdal

Eivind Høydal

Anny Høydal

Maur Nymark

Kari Heggen

Anne Grete Osdal Raknes

Susanne Osdal

IMG. Kaspersen

Nils Ivar Osdal

Markus N S Støyle

Susanne Raknes

Norhvitte

(og fullmakt for mange brukere)

BJARTE VIK m/ fam

VIDAR VIK ---

VEBJORN VIK ---

ELLEN VIK ---

Brit-Humbert Hagøy
og Guttorm Hagøy Grøndalsvegen

Torgervik Rasmussen

Ingrid Vin

Knut Fure

Bård Henriksen

~~Brit~~ Støre

Anne Mart Støre

Teje Støre

Anne Heggen

Olvis Beate Vågen

Anne Hovthe Nymark

Siv Heggen Ettervåg

Oystein Ettervåg